

Håøy uteskule

- natur, kultur, kunst, idrett og friluftsliv

Håøy og sjøområdet Flatøyosen er svært godt eigna til utskule.

Sjøelve *Håøy* har variert natur, gode samlingsplasser for ulike aktivitetar og det planer for istandsetting av Komandantboligen. Det er og mykje interessant kulturhistorie knytt til *Håøya Flatøyosen*, særlig indre del ligg svært godt beskytta for vér og vind. Her er det mogleg med uteskuleaktivteter knytt til sjøen så og seia året rundt.

Innan gong- sykkelavstand er det skuler på alle trinn frå barneskule til vidaregåande skule. Vi snakkar om nærmare 4000 barn og unge.

Ved riksvegen er det tilrettelagt god parkeringplass og busshaldeplass på begge sider av vegen pluss gangtunnel under vegen. Logistikken er slik sett tilnærma optimal.

Mest aktuelle skular for uteskule i området

Skular i nye Alver kommune : Sagstad skule, Grasdal skule, Meland ungd.skule, Knarvik barneskule, Knarvik ung.skule, Alversund skule

(Vel 80 klasser, frå 4-10.klasse 56 klasser)

I tillegg kjem Norhordland kr. grunnskule og Danielsen ungd.skule – tilsaman 12-13 klassar

Kommentar:

Hvis kvar klasse frå 4. til 10. klasse har undervisning/uteskule på Håøy to dagar i året blir det aktivitet her 112 dagar kvart skuleår, hvis det er ein klasse på uteskulen kvar dag.

Alternativt kan ein tenkje uteskuleopplegg for f.eks. 6. klasse og 9. klasse og at desse klassane får mange uteskuledagar knytt til Håøy på 6. og 9. trinn. Kvar av skule får ein fast vekedag til uteskule på Håøy. Dette blir timeplanfesta. Mindre skular får eit vist antal veker/dager.

Uteskuleprosjektet tenkjer er tenkt knytt til:

- aktiv bruk av tradisjonsbåtar til roing, segling og fiske
- fiske med snøre, garn og not
- saltvatnsbilogi, livet i fjæra, ulike typer fisk, læra om mikrobiologi knytt til saltvatn
- aktivteter med kano og kajakk på sjøen.
- Idrett og friluftslive i naturen m.a. orientering
- møte med kunstnarar og kunstutstillingar

Nærmare om undervisning

Biologi:

knytt til, tre og buskar, blomsterplanter, fuglar, insekt, fisk og sjødyr, tank og tare og skjel pluss mikroorganismar i sjøen og på land

Vér og vind: bylgjer, straumar, vind og nedbør.

Matematikk og språk:

Matematikk og fysikk knytt til båt og husbygging i eldre tid der mellom anna menneskekroppen var brukt som måleinstrument ved båtbygging og husbygging. Avstandsmåling i eldre og nyare tid.

Kultur og historie:

Sjøområdet kring Håøy, Flatøy har vore heilt sentral ferdselsveg, truleg sidan steinalder. Her er svært mange interessante lokaliteter som ein kan oppleve direkte og få nærmare kjennskap til ein svært viktig del av vår lokale, regionale historie frå steinalder til moderne tid.

Andre lokalitetar:

Håøy uteskule vil tidvis forflytta seg til Storavatnet og Rylandsvatnet i Meland. Dette er mogleg fordi tradisjonsbåtane som er tenkt knytt til uteskuleprosjektet og kan forflyttast dit. Andre lokalitetar i den nye storkommunen Alver kan og vera aktuell

Tradisjonsbåtar:

Ein viktig del av uteskuleprosjektet er tenkt knytt til tradisjonsbåtprosjekt knytt til ro og seglgruppe i IL Kvernbit.

På dagtid er båtane først og fremst tenkt brukt i skulesamanheng mandag til fredag, på ettermiddagtid, kveldstid og i helgene til aktiveteiar i idrett og friluftsliv innan idrettslaget og andre lag og organisasjonar.

Finansiering av båtane tenkt med offentlege tilskott og private tilskott:

- Sparebankstiftinga sitt tilskott til Forbundet Kysten. 7,5 mill. kr.)
- kommunale tilskott
- fylkeskommunale tilskott
- Andre private tilskott
- evt. midlar frå idrettslag

Tradisjonsbåtane i prosjektet er i først omgang Oselvarbåtar, fire seksæringar frå Oselvarverkstaden. For bruk i skulesamanheng er desse båtane glimrande, og velprøvd.

Vikingskibmuseet i Roskilde i Danmark, eit «aktivitetesmuseum» kjøpte for nokre år sidan inn to store Oselvarar. Frå april til ut i september oktober blir desse så godt som kvar dag brukt i skulesamanheng. Oftast fleire turar for dagen. I skuleferien er blir dei og brukt kvar dag til korte turar med turistar på Roskildefjorden.

Bygningar**Komandantboligen:**

Meland kommune og BOF jobbar med plan for istandsetting og drift av Komandantbolig på Håøy. BOF kan skaffa midlar til istandsetting når, hvis det er klårt kven som kan ta ansvaret med driften.

Andre bygningar:

I tillegg til istandsetting av Komandantbolig kan «nye» lokaler til uteskule byggast på dei to grunnmurane ved stemneplassen rett ovanfor sjøen. Som bygningar knytt til uteskule kan dette trolig gjerast for ein rimeleg penge.

Utstyr til skule:

Investering i utstyr (utanom naust, båtar og bygningar) er tenkt som speleislag mellom skulane som er faste brukarar av uteskulen knytt til sjøen på Flatøyosen og Håøy. Delvis kommersiell drift er mogleg ved å tilby skreddersydde dagsopplegg for skular i Bergensområdet.

Infrastruktur for tilknytting til riksveg:

- sykkelparkering med tak (statens vegvesen) hvis sykkelparkering ved riksvegen
- Veg ned til naust i Flatøyosen (kommunale midlar ?)
- naust flytebrygge etc. ved sjøen i skitnedalsvikar på Flatøyside (kommunale midlar, statlege idrettsmidlar)
- naust på Håøy (BOF) Utstyr i naust til undervisning (skulane som faste brukarar)

Organisering:

a.) Uteskulen kan vera profesjonelt drevet som ein del av skulesystemet i Alver kommune. Fast tilsette lærarar intstrukturar. Ferdige opplegg som skuleklassame kjem til Her kan ein td. tenkje at pedagogar/instruktørar og har opplegg for turistar i sommarsesongen og enkelte helger, og då fri enkelte kvardager. Dei får då f.eks. ekstra ferieveker på vinterstid.

b.) Spleiselag mellom barne- , ungdomsskular, vg skule og evt. barnehagar i den nye Alvér kommune. I første rekkje skulane i Knarvik, Alversund, Frekhaug og Grasdal krinsane. Ein del av lærarane her får opplæring i undervisninga ved uteskulen. Faglærarar frå skulane (dei faste brukarane) utarbeider undervisningsmateriell.

Hvis spleiselag er dette tenkt utabeid av lærarar ved skulane i regionen i samarbeid med Uib (Universitetet i Bergen), Oselvarverkstaden, Fylkesmannen landbruksavdeling. Forbundet kysten og Kystsogeveken i Hordaland.

Sommarhalvåret:

særleg frå mai, juni til ut september kan ein del aktivitetar knytt til uteskule óg brukast som aktivitetar for turister. Ikkje berre langsveisfarande og utlendingar, men og opplegg for folk frå heile bergensregionen og Hordaland. I båtsesongen, særleg i skuleferien er det svært mange båtturister som dreg forbi Håøy. Det må vera rå å gjera Håøy til ein interessant stopp for båtfolket på veg langs kysten.

Andre brukargrupper:

Delar av uteskule opplegget kan definitivt og brukst i samband med aktivitetsdagar for pensjonistar.

Inntekter

I turistsamanheng og aktivitetar for pensjonistar kan ein definitivt og tenkje betaling for deltaking.

Frekhaug 22. mai 2016

Atle Bergseth
leiar gruppe roing og segling IL Kvernbit

Om framlegget til uteskule

Framlegget til utskule er utarbeidd i samband med etablering av gruppe for roing og segling med tradisjonsbåtar i idrettslaget IL Kvernbit. Målsettinga er her, i tillegg til det idrettsleg å auka interesse for:

- norsk kystkultur,
- norske båtbyggjartradisjon (på UNESCO lista for immateriell kulturarv)
- kunnskap om marine miljø og den betydning det har for livet lokalt, nasjonalt og globalt.

Norske tradisjonsbåtar er også ein svært sentral del av soga knytt til Nordhordlandsregionen i nærmare to tusen år.